

Influensavaksine til helsepersonell

Influenza fører til alvorleg sjukdom og dødsfall i sårbare grupper. Ta vaksinen for å verne deg sjølv, pasientane og dine næraste.



Influensautbrot i helseinstitusjonar

Høg vaksinasjonsdekning blant helsepersonell kan redusere influensasjukdom og utbrot i helseinstitusjonar. Dette er spesielt viktig for pasientar som ikkje sjølv kan få vaksine, og for pasientar som har redusert effekt av vaksinen på grunn av nedsett immunforsvar.

Beredskap

Høg vaksinasjonsdekning mot influensa hos tilsette i helsesektoren er viktig for å oppretthalde ein tilfredsstillande beredskap under større utbrot av smittsame sjukdomar.

Høg smitterisiko

Helsepersonell har klart høgare risiko for å bli smitta av influensa samanlikna med vaksne som ikkje arbeider i helsesektoren.

Blir du smitta, kan du spreie sjukdomen til andre sjølv om du ikkje har tydelege symptom. Viruset blir overført gjennom drope- luft- eller kontaktsmitte. Vaksne er vanlegvis smitteførande éin dag før symptoma utviklar seg og 3–5 dagar etter at dei er blitt sjuke.

Jobbar du med sårbare grupper?

Alt helse- og omsorgspersonell med pasientkontakt er tilrådd å ta vaksine. Dette er spesielt viktig for personell som har kontakt med sårbare pasientgrupper, for eksempel i eldreomsorg, nyfødde-medisin, kreftbehandling, infeksjonsmedisin og intensivavdelingar.

Arbeidsgjevar skal tilby og dekkje utgiftene ved vaksinasjon for alt smitteutsett personell. Ta kontakt med arbeidsgjevar for informasjon om vaksinasjon på din arbeidsplass.

Viktig om influensavaksinen

Influensavirus endrar seg heile tida, og vaksinen må årleg tilpassast dei virustypene som sirkulerer. Effekten av vaksinen avtek også over tid, og difor må ein ta vaksinen kvart år.

Influensavaksinen til vaksne kan ikkje gje influensasjukdom, fordi han berre inneheld bitar av influensavirus.

Influensavaksinen beskyttar ikkje mot koronavirus eller andre virus og bakteriar som også kan gje influensaliknande symptom.

Vaksine mot sesonginfluensa gjev svært sjeldan alvorlege biverknader. Vanlege biverknader er lokalreaksjon med raud hud, ømme punkt eller heving på injeksjonsstaden. Enkelte kan få feber, muskelsmerter og generell sjukdomskjensle. Alvorlege allergiske reaksjonar er svært sjeldne.

Vaksinen bør takast i oktober/ november, før influensasesongen startar. Du har maksimalt vern etter 1–2 veker.



Les meir på
fhi.no/voksenvaksinasjon